

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/8326-1

Trafikktryggingsprisen 2015

Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for at saka er reist

Sogn og Fjordane fylkeskommune deler årleg ut ein trafikktryggingspris.

Trafikktryggingsprisen 2015 vart annonsert i avisene i fylket den 3. august, med frist 24. august for å koma med framlegg til kandidatar.

Det er kome inn 3 stk. framlegg om kandidat.

Framlegg nr. 1: Redningsselskapet er føreslege av *Gustav Johan Nydal, Flora KrF og Trude Brosvik, Sogn og Fjordane KrF*»

Framlegget lyder:

Dei grunnjev framlegget slik:

Ved trafikktrygging tenkjer vi ofte på tiltak for det som føregår på vegane våre.

Sogn og Fjordane har ei lang kystlinje, og svært mange av kommunane våre ligg til sjø. Mange skuleborn har skulevegen sin med båt, og endå fleire har stor del av fritidsaktivitetar knytt til båt og sjø. Kvart år har vi tragiske ulukker til sjøs.

Redningsselskapet tilbyr kvart år kurs for born og unge i sjøvett og trygg oppførsel til sjøs. I vårt fylket har det jamnleg vore kurs i Florø og Måløy, men også andre stader. I tillegg er Redningsselskapet ofte tilstades på bygdedagar og arrangement med båten «Elias» og ressurspersonar som informerer om sjøvett og trafikktrygging til sjøs.

Redningsselskapet er tilstades i mange av kommunane våre, med faste redningsskøyter i Gulen/Solund, Flora og Måløy. Det aller meste av redningsselskapet sitt arbeidet vert gjort av frivillige. Vi meiner derfor Redningsselskapet er ein svært verdig kandidat!

Framlegg nr. 2: Krokane barnehage er føreslege av Kåre Toreid.

Framlegget er grunngjeve slik:

Det vert for tida jobba med eit prosjekt i barnehagen der målet er å lære barn god trafikkultur og ei tidleg forståing for trygg trafikk og korrekt ferdsel i trafikken. Anleggsarbeidet skal påbyrjast i september.

Heilt konkret er det planlagd ei trafikkløype, meint for sykkel og leikebilar, der det er lagt inn reelle element, som rundkøyring, tunnel, gangfelt, bensinstasjon, skilting og vegmerking. Barnehagens uteområde skal nyttast. Barnehagen har fått med seg lokale aktørar for asfaltering og grunnarbeid. Resten av arbeidet, som trearbeid, merking og montering er gjenstand for dugnadsarbeid i foreldregruppa. Det er lagt ned mykje tid i planlegging.

Eg har stor tru på at denne type initiativ vil ha ein svært god positiv effekt på born (og vaksne) si haldning til trafikken i åra som kjem. Det vil nødvendigvis bli fagleg oppfølging i barnehagen, slik at ungane får "knaggar" å henge dei konkrete elementa i trafikkløypa på. Å bevege seg i et realistisk trafikkmiljø innebærer også god trening for sansar og motorikk.

Eg er personleg svært oppteken av trafikktrygging, og eg håpar inderleg at Krokane Barnehage v./leiar Merete Moe får moglegheit til å få anerkjenning for dette prosjektet. Dette er nybrottsarbeid i Florø, og i fylket, så vidt eg veit. Eg tvilar ikkje på at media vil lage gode saker på dette, når prosjektet er ferdig. Alt i alt eit supert initiativ som garantert tener trafikktryggingarbeidet på fleire nivå.

Med dette vil eg tilrå Krokane Barnehage som kandidat til Trafikktryggingprisen – 2015.

Kommentar:

FTU-sekretær har innhenta følgjande tilleggsopplysningar:

Tiltaket er fysisk ikkje starta opp, men arbeidet er avtala med entreprenør, og det er avtala dugnadsinnsats. Tiltaket er planlagt ferdigstilt i løpet av hausten 2015.

Krokane barnehage søkte om FTU-midlar 2015, og er tildelt kr. 50 000.-

Framlegg nr. 3: Olden ungdomslag er føreslege av Jan Frode Kvamme.

Framlegget er grunngjeve slik:

«Den bør gå til Olden ungdomslag. Dei har laga til område nedanfor ungdomshuset. Då får dei vekk feststemte folk frå veien og barna er trygge. Huset ligg berre meter frå veien opp mot Oldedalen og sommeren er det stor trafikk med turister og lastebiler som skal hente Olden vatn. Berre å ta kontakt med Jogeir Agjeld så får de meir opplysninga om dette.

Kommentar:

FTU-sekretær har innhenta følgjande tilleggsopplysningar:

Jogeir Agjeld som har vore sentral i arbeidet opplyser følgjande:

Prosjektet er kalla «Aldaheimparken».

Mellom hovudinngangen på ungdomshuset og fylkesvegen er det kun eit smalt område/stripe på om lag 5-6 m. Ingen fysisk skilje mellom området og veggen. Ved tilstelningar, arrangement m.m. oppheldt det seg til tider mykje folk utandørs, - og kjem såleis veldig nær trafikken. Dette opplevast utrygt for alle partar. Ved arrangement for barn må ein vera veldig på vakt. At huset ligg like etter bakketopp gjer ikkje tilhøva betre. Nærleiken til fylkesvegen har vore eit problem, og tilstelningar som for eksempel bryllaup har utgått nettopp på grunn av trafikkforholda.

Tiltaket med Aldaheimparkern går ut på å opparbeida eit uteområdet på om lag 600 m2 på nedsida av huset (på motsett side i forhold til fylkesvegen). Det er også utgang frå kjellaren i huset på nedsida, direkte til uteområdet. Universell tilkomst. Uteområdet skal gjerdast inn, med tanke på «kontroll» med kor folk bevegar seg. Det skal opparbeidast sitjeplassar både under tak og under open himmel, leikeplass og grillplass.

Arbeidet pågår, og skal ferdigstillast i løpet av hausten -15.

Maskinarbeid vert utført av lokal entreprenør, der vedkomande utfører ein vesentleg del av arbeidet som gratisinnsats, - som inngår i finansieringa.

Gjensidigestiftinga har løyvt kr. 220 000.- i støtte.

Sparebankstiftinga i Sogn og Fj. har løyvt kr. 27 000.- i støtte.

Ungdomslaget sjølv stiller med restfinansiering, der betydeleg del vert utført som dugnadsinnsats, både frå medlemmer i ungdomslaget, og frå folket i bygda.

Vurdering

Kandidat nr. 1 Redningsselskapet.

Kandidat nr. 1 gjeld tryggleiken til sjøs. Er usikker på om Redningsselskapet sitt arbeid kan vurderast som trafikktrygging. Jamfør instruksen for Trafikktryggingsmidlar – TIK som seier at midlane skal nyttast på kommunal veg, fylkesveg og unntaksvis ev. til tiltak på riksveg. Ferdsl til sjøs er ikkje nemnt.

Kandidat nr. 2: krokane barnehage.

Tiltaket er kun planlagt, ikkje starta opp. Det er såleis ikkje gjort noko konkret for trafikksikkerheita pr. idag. Kan tiltaket til og med stoppa opp, og aldri koma til utførelse? Krokane barnehage har søkt om tilskot FTU-midlar 2015 og er tildelt kr. 50 000.- Meiner at ein ev. pris bør koma etter at trafikktryggingsarbeidet er utført.

Kandidat nr. 3: Olden ungdomslag.

Prosjektet Aldaheim ser ut til å vera eit godt trafikktryggingsprosjekt. Stort lokalt engasjement og stor eigeninnsats frå medlemmer og frå heile bygda.

Konklusjon/tilråding

Saka vert lagt fram utan tilråding